


OPPLAND BONDELAG



Klima og Miljødepartementet
v/Statsråd Tine Sundtoft

Rovviltsituasjonen i forhold til rovviltforliket og beitedyra i Oppland

Beitenæringa i Oppland er på ny råka av alt for mange angrep, skadar og drap forårsaka av freda rovvilt. Vi er råka av både bjørn og ulv, som vi ikkje har noko bestandsmål av, og vi er råka av jerv og gaupe som vi har bestandar langt over bestandsmål av. Det må minnst om at vi har dokumentert 9 ynglingar av jerv i 2015 og skal ha 4, medan vi har 7 familiegrupper av gauper og skal ha 5.

Vi har hatt samanhengande skader av alle rovviltartane frå beiteslepp. Ulvebestanden har som kjent eskalert i heile landet, og beitenæringa i alle fylker i Sør-Norge unnateke Hordaland og Rogaland er råka. I Oppland har vi nesten hatt samanhengande skadefellingsløyver på ulv i heile sesongen frå mai. Det har vorte felt 3. Da siste ulven vart felt i Nord-Fron nå ein dag, og det var vel ganske typisk for beitesesongen 2015 at ny ulv på Lesja forårsaka skade og utløyste fellingsløyve dagen etter. I tillegg har jerven starta for alvor frå Lom/Skjåk i vest til Ringebru i aust, bjørnen herjar på austsida i Midt-Gudbrandsdalen. Gaupa er òg sjølvsagt i gang, og her har òg bl.a. beiteprioritert område i Gudbrandsdalen vorte råka.

Midt-Gudbrandsdalen er den regionen med mest sau og lam på beite i Oppland, og det er her dei største skadane har skjedd hittil. Beitebrukarane på austsida av dalen har hatt samanhengande fellingsløyver heile sesongen, og har attpåtil opplevd at ein har hatt fellingsløyve på både ulv, bjørn og jerv i same området likt. Dette har ført til:

1. Stor slitasje på beitenæringa i form av ekstratilsyn, ekstra bruk av kadaverhundekvipasjar og mykje stress og etter kvart depresjon for beitebrukarar.
2. SNO m/sine rovviltkontaktar har ikkje kapasitet til å følgja godt nok opp.
3. Dei kommunale skadefellingslaga slit med kapasitet og budsjetter. Dei har utvikla eit kjemp flott samarbeid mellom skadefellingslaga i Ringebru, Sør-Fron og Nord-Fron, inkludert sporadisk samarbeid m/Øyer og Sel, men det er ingen meining i at desse laga skal jakte kvar dag heile sommaren, ferien inkludert. I tillegg er som kjent midlane

brukt opp (sjølv om Oppland fekk 350.000,- ekstra nå ein dag). Det stadige maset om å spara pengar gjer òg at skadefellingslaga ikkje kan få gjort jobben sin godt nok, da dei for det fyrste får ein liten sum å arbeida for og for det andre da sjølvsagt ikkje kan vera mange nok eller lenge nok i terrenget.

4. Det siste og mest alvorlege som skjer her i Oppland nå er at det vart sett i gang akuttsanking av 700 sau og lam i Sør-Fron i går 23/07. Desse beitebrukarane vil heller ikkje sleppa sauene sine att på utmarksbeite denne sesongen. Sauene vert nå sankt, sjekka, tella, skada sauer vert avliva og resten sleppt på innmarksbeite i bygda.

Oppland Bonde-og Småbrukarlag, Oppland Bondelag og Oppland Sau og Geit ser at beitesesongen 2015 utviklar seg til eit konfliktnivå som er langt frå forsvarleg. Det tosidige målet i rovviltforliket er ikkje ivareteke, og heile beitenæringa i Oppland er i fare.

Vi er kjent med at Rovviltnemnda i sone 3 Oppland har bedt deg å koma til Oppland. Vi støtter nemnda vår i dette og håper og reknar med at du finn tid til å koma til Norges største og dermed viktigaste beitefylke. I tillegg ber vi om at beitenæringa vert sikra tilstrekkeleg med plassar og talerett i dette møtet. Vi kan stilla opp same kva tid og stad det er, men reknar med at møteplassen vert Lillehammer eller Vinstra.

Dette møtet kan sjølvsagt ikkje avklara eller forhindra at beitesesongen for mange i Oppland og særleg i Gudbrandsdalen nok ein gong vert ein fiasko. Men møtet vil syna og illustrera kva denne feilslåtte forvaltninga av freda rovvilt nå fører til. Vi håper og ber om at du som Klima og Miljøminister kjem til møtet med forsikringar om å snu denne trenden før det er altfor seint. Oppland treng mykje hjelp: Vi treng for det fyrste at styresmaktene inkludert Miljødirektoratet forvaltar i tråd med rovviltforliket, noko som ikkje skjer. Vi treng politikarar som sørger for å halda på makta og sørgja for at vedtaka deira vert følgd, noko som ikkje skjer. Vi treng eit Miljødirektoratet som styrer med berre det dei skal styra med, noko som ikkje skjer. Vi treng ein mykje større FKT-pott, noko som aldri har skjedd. Vi treng ei evaluering av rovviltforliket, særleg basert på bestandsmål, der ein nøytral part og ikkje NINA står for evalueringa. Oppland og Norge treng eit nytt bestandsmål av ulv, som er 0 ynglingar. I mykje av diskusjonen om bestandsmål må Sveriges andel av jerv, bjørn og ikkje minst ulv vera ein viktig faktor.

Vi treng i alle fall at du som regjeringas talsmann kan fortelja oss om vi skal ha matproduksjon basert på beite i Oppland i framtida eller ikkje. Men denne gongen treng vi ikkje berre ord, men handling.

Lillehammer/Sel/Øystre Slidre 24/07 2015

Oppland Bonde- og Småbrukarlag
Terje Holen(sign)

Oppland Bondelag
Trond Ellingsbø(sign)

Oppland Sau og Geit
Arnfinn Beito(sign)